



Fjord kommune

Møteprotokoll

Utval:	Råd for personar med funksjonsnedsetting
Møtestad:	Kommunehuset i Stordal
Dato:	10.06.2026
Tid:	Kl. 14:30 - 16:15

Medlemmer:	Parti
Anna Margrethe Drægebø Moe	
Ingrid Løset	
Jostein Dalen	
Elin Tafjord Skoge	SV

Forfall:	Parti
Alf Ivar Eliassen	AP
Stig Eivin Meisal	Sp

Jostein Dalen
leiar

Siv Krokfoss
sekretær

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
013/26	Godkjenning av møtebok
014/26	Referatsaker
015/26	Habiliteringsbustader
016/26	Informasjon om arbeidet med å organisere helse-, omsorg- og velferdsområdet på ein annan måten enn før.
017/26	Kartlegging av kommunenes arbeid med universell utforming
018/26	Universell utforming ved venterom på ferjekai på Linge.
019/26	Fjerning av lovfestede kompetansekrav.

Rådet hadde i forkant av møte ei synfaring hos Glimt, der dei fekk ei god omvising og informasjon om personalsituasjonen. Ei tilbakemelding vi fikk var at Glim ønskjer seg fleire resursar og større areal.

013/26: Godkjenning av møtebok

Kommunedirektøren si innstilling:

Møtebok frå førre møte vert godkjent.

Råd for personar med funksjonsnedsetting 10.06.2026:

Behandling:

Møtebok frå førre møte vert godkjent.

RFUN- 013/26 Vedtak:

Møtebok frå førre møte vart godkjent.

014/26: Referatsaker

Kommunedirektøren si innstilling:

Referatsakene blir tatt til orientering.

Råd for personar med funksjonsnedsetting 10.06.2026:

Behandling:

Anna Margrete og Jostein informerte om fellesmøte for råd for personar med funksjonsnedsetting som vart arrangert i Brattvåg 6. mai.

Rådet deltok også på arbeidsverkstad på Martin Linge-huset 20 mai. Eit godt og interresant arbeidsmøte.

RFUN- 014/26 Vedtak:

Referata vart tatt til vitande.

015/26: Habiliteringsbustader

Råd for personar med funksjonsnedsetting 10.06.2026:

Behandling:

Kommunasjef for helse og omsorg Sindre Erstad deltok på møte og gav god informasjon om prosjekt Hus som er i oppstartfasen i kommunen. Prosjektet starta opp i 2025 med informasjon til alle pårørande innan habilitering i Fjord kommune. Fleire møter har vore arrangert med brukarinnvolvering. Boligutvikling er kommunens ansvar. Folkemøte i Liabygda planlagt 17. juni kl. 18:00

RFUN- 015/26 Vedtak:

Råd for personar med funksjonsnedsetting tek informasjonen til vitande.

016/26: Informasjon om arbeidet med å organisere helse-, omsorg- og velferdsområdet på ein annan måten enn før.

Råd for personar med funksjonsnedsetting 10.06.2026:

Behandling:

Kommunalsjef for helse og omsorg Sindre Erstad deltok på møte .Administrasjonen har utarbeidd ny leiarstruktur innan helse, omsorg og velferd - døgndriftstenester. Dette var orientert til kommunestyret 26.03.2026. Den nye strukturen består av 3 struktura. RFUN i Fjord kommune etterspør igjen kvifor adminstrasjonen ikkje involverar rådet i slike saker. Ein bør ta med dei det gjeld for å gi eit godt eierskap i sakene. RFUN ønskjer også å meddele at flytting av kjøkken til Valldal og demensavdeling til Stordal har blitt godt mottatt og det har gått seg godt til for alle.

RFUN- 016/26 Vedtak:

Den nye strukturen består av 3 strukturar. RFUN i Fjord kommune etterspør igjen kvifor adminstrasjonen ikkje involverar rådet i slike saker. Ein bør ta med dei det gjeld, for å gi eit godt eierskap i sakene. RFUN ønskjer også å meddele at flytting av kjøkken til Valldal og demensavdeling til Stordal har blitt godt mottatt og det har gått seg godt til for alle.

017/26: Kartlegging av kommunenes arbeid med universell utforming

Råd for personar med funksjonsnedsetting 10.06.2026:

Behandling:

Råd for personar med funksjonsnedsetting tek til vitande at Fjord kommune ikkje har svart ut rapporten frå BUFDiR som vart utsendt i 2024. Rådet vil framover arbeide aktivt med universell utforming i kommunen.

RFUN- 017/26 Vedtak:

Råd for personar med funksjonsnedsetting tek til vitande at Fjord kommune ikkje har svart ut rapporten frå BUFDiR som vart utsendt i 2024. Rådet vil framover arbeide aktivt med universell utforming i kommunen.

018/26: Universell utforming ved venterom på ferjekai på Linge.

Råd for personar med funksjonsnedsetting 10.06.2026:

Behandling:

De vert laga ein rapport av det ein vurderer som manglande universell utforming og legg ved bilde som illustrasjon. Rapporten sendast til leiar i Fylkeskommunalt råd for personar med funksjonsnedsetting, Hanne Notøy.

RFUN- 018/26 Vedtak:

Rådet sender rapport og bilde av det ein vurderer som manglande universell utforming ved ferjekaia på Linge til Fylkeskommunalt råd for personar med funksjonsnedsetting ved leiar Hanne Notøy som rett instans for å arbeide vidare med saka.

019/26: Fjerning av lovfestede kompetansekrav.

Råd for personar med funksjonsnedsetting 10.06.2026:

Behandling:

Råd for personar med funksjonsnedsetting sender eit høyringsutkast til kommunestyret.

RFUN- 019/26 Vedtak:

Rådet for personar med funksjonsnedsetting i Fjord kommune er sterkt uroa for at det i kommuneproposisjonen 2027 er foreslått fleire endringar som går ut over den gruppa vi skal ivareta. Det skjer 5 månader etter *FN-konvensjonen om rettighetene til menneske med nedsatt funksjonsevne (CRPD)* vart teken inn i menneskerettslova. Rådet reagerer på at regjeringa forskotterer mange av konklusjonane før kommunekommisjonen sitt arbeid er avslutta.

Rådet si vurdering er at Fjord kommune pr. i dag yter gode tenester innan helse- og omsorgstenesten. Rådet ber kommunen på det sterkaste om å oppretthalde tenestene som handlar om pasientsikkerheit, kvalitet og tryggleik for innbyggjarane ved å halde på kompetansekrava, der ein framleis knytter til seg lege, sjukepleiar, fysioterapeut, jordmor, helsesjukepleiar, ergoterapeut og psykolog.

Rådet ber kommunen vere merksam på regjeringa sitt forslag til å forenkle investeringstilskottet til heildøgnsomsorgsplassar. Dette er svært alvorleg for personar med funksjonsnedsettingar fordi det vil føre til at dei kan miste retten til eigen bustad og må bu i institusjonsliknande buforhold.

Rådet er uro over at midlane som er øyremerka TT-ordninga skal gå inn i rammeoverføringa fordi den kan forvitre.

Rådet ber kommunen arbeide for at toppfinansieringsordninga for ressurskrevjande tenester held fram då vi er redd for at dersom den går inn i rammetilskottet, vil tenesta verte svekka.